

Ungdomsstempelet

Kva er Ungdomsstempelet?

Ungdomsstempelet er eit nasjonalt kvalitetsstempel som viser at ein kommune eller eit ungdomsråd arbeider systematisk, inkluderande og demokratisk med ungdomsmedverknad. Ordninga er utvikla av fylkesungdomsråda og skal:

- styrkje legitimiteten til ungdomsråd
- gi meir likeverdige rammer utan lovpålagde minstekrav
- vere eit konkret utviklingsverktøy
- synleggjere kommunar som satsar på ungdom
- gi fylkesungdomsråda ei tydeleg rolle i kvalitetssikring

«Ungdomsstempelet gir kommunar eit praktisk rammeverk for god medverknad – definert av ungdom sjølv.»

Kvifor eit kvalitetsstempel?

Kvaliteten på ungdomsråd varierer mykje mellom kommunar. Eit sertifikat:

- motiverer til forbetring
- gir anerkjenning for godt arbeid
- skaper ein felles nasjonal standard
- gir ungdom reell innverknad
- gjer det mogleg å kartleggje medverknad i fylka

Ordninga er inspirert av liknande system i Finland.

Kven kan søkje?

- Alle kommunar
- Alle kommunale ungdomsråd
- Bydelsutval i større byar (kan vurderast av fylket)

Søknaden blir sendt til fylkesungdomsrådet.

Varigheit

Ungdomsstempelet varer i **to år**. Etter dette må kommunen/ungdomsrådet søkje på nytt for å sikre kontinuerleg utvikling.

Kriterium for Ungdomsstempelet

A. Struktur og organisering (minst 4 av 5)

- Vedteke og oppdatert mandat/reglement
- Minst 6 møte i året
- Fast koordinator/rettleiar
- Eige driftsbudsjett eller tilgang til midlar
- Referat frå alle møte, lagra digitalt

B. Demokratisk medverknad (minst 4 av 6)

- Saker til høyring minst éi veke før behandling
- Dokumentasjon på korleis innspel blir brukte
- Årleg møte med politisk leiing
- Kan setje eigne saker på dagsorden
- Deltar i minst éin politisk prosess årleg
- Moglegheit til offentlege uttalar (nettside/SoMe)

C. Inkludering og representasjon (minst 3 av 4)

- Plan for mangfald og rekruttering
- Rutinar for at alle blir høyrd
- Aktiv innsats for å nå ulike ungdomsgrupper
- Minst 40 % kjønnsbalanse (kan fråvikast med grunngjeving)

D. Opplæring og kompetanse (minst 3 av 4)

- Opplæring for nye medlemmar innan 2 månader
- Opplæring i kommunal struktur og prosessar
- Minst éi kompetanseheving årleg
- Koordinator med relevant kompetanse

E. Synlegheit og kommunikasjon (minst 3 av 4)

- Oppdatert nettside
- Jamleg informasjon til ungdom (minst 4 gonger årleg)
- Skriftleg kommunikasjonsplan
- Årleg rapportering til kommunestyret/formannskapet

F. Eigevurdering (må oppfylle begge)

- Skriftleg eigevurdering (styrkar, utfordringar, mål)
- Minst tre konkrete forbettringsmål

«Kommunen/ungdomsrådet må oppfylle minst 80 % av kriterium totalt.»

Søknadsprosess

1. Innsending

Send e-post til fylkesungdomsrådet med:

- dokumentasjon på kriterium
- eigevurdering
- kontaktpersonar

2. Vurdering

Fylkesungdomsrådet gir:

- Godkjent
- Godkjent med merknader
- Ikkje godkjent (kan søkje igjen)

3. Dialog

Kommunen får moglegheit til å forbetre manglar før endeleg vurdering.

4. Tildeling

Sertifikatet blir tildelt og offentleggjort.

Praktisk og kostnadseffektivt

Ordninga er laga for å vere enkel og gratis:

- Søknad via e-post
- Digital lagring
- Sertifikat blir sendt som PDF
- Ingen reiser nødvendig (men kan gjennomførast om ønskjeleg)
- Fylka deler malar og verktøy

Tilpassing i fylka

Fylkesungdomsråda kan:

- leggje til eigne kriterium
- justere språk
- velje grafisk utforming
- bestemme vurderingsmetode

Den nasjonale strukturen skal likevel vere lik.

Kontakt

For spørsmål, rettleiing eller innsending av søknad:

Marcus.andre.berntzen.askildsen@vlfk.org

